

STADUTVIKLING

Bykle Senterparti vil:

- Etablere eit opplevings- og kompetansesenter innan fornybar energi, ved Sarvsdammen
- Oppretthalde bu- og driveplikt, og stimulere til aktiv drift på mindre bruk
- Etablere kunstgrasbane med løpebane på idrettsplassen på Hovden
- Stimulere til verdiskaping med å nytte utmark og naturressursar
- Satse på eit auka landbruk i kommunen gjennom å:
 - styrke og vidareutvikle gardsbruk
 - stimulere «Inn på tunet»-verksemd
 - stø lokalmat-verksemd
- Vere spesielt aktiv i høve oppretting av kompetansesarbeidsplassar, og vidareutvikling av nye og eksisterande verksemd

BULYST

Bykle Senterparti vil:

- Stimulere til fast busetting gjennom gode stønadsordningar
- Betre kollektivtilbod innan, og til kommunen
- Vidareutvikle og legge til rette for uformelle, sosiale møteplassar på Hovden og i Bykle
- Stimulere til integrering av tilflutte
- Skape gode nærmiljøtiltak som gjer det attraktivt for familiar å flytte til kommunen, og bli buande her

BORN, UNGE OG FAMILIE

Bykle Senterparti vil:

- Sikre symjebasseng ved Bykle barne- og ungdomsskule
- Ikkje auke prisane i barnehage og SFO i løpet av valperioden
- Arbeide for god kompetanse og nok bemanning i skule og barnehage
- Styrke og vidareutvikle den vidaregåande skulen på Hovden
- Oppretthalde fri skulemat, og halde på dagens syskenmoderasjon i SFO, barnehage og kulturskule

INFRASTRUKTUR

Bykle Senterparti vil:

- Sikre og stimulere daglegvaretilbod i Bykle Kyrkjebygd
- Arbeide for prinsippvedtak om at utbyggjarar av fritidsbustader skal betale for VA-anlegg og andre tiltak
- Oppretthalde gamle ålmannavegar og turveggar, samt sikre god merking
- Revidere, vidareutvikle og utføre Kulturminneplanen, med fokus på både materielle og immaterielle kulturminne
- Opne kulturlandskap, samt ruste opp kultur- og krigsminne

HELSE, OMSORG OG BEREDSKAP

Bykle Senterparti vil:

- Oppretthalde gode politifaglege tenester og eit synleg lokalt politi
- Arbeide for luftambulansebase på Hovden
- Sikre ei god fjellredningsteneste og styrke brannberedskap
- Oppretthalde eiga ambulanseteneste i Bykle i framtida
- Stille krav til nett- og teleselskap om god lokal, beredskap
- Sikre gode transportordningar for eldre og funksjonsnedsette
- Reetablere ambulerande vaktmeisterteneste i kommunen
- Sikre gode helse- og legetenester lokalisert i båd bygder

MILJØ OG KLIMA

Bykle Senterparti vil:

- Legge til rette for fleire bioenergianlegg
- Arbeide for miljøsertifisering av bedrifter, reiseliv/reisemål og offentlege tiltak
- Legge til rette for meir bruk av tre som bygningsmateriale i nye bygg
- Stimulere til utvikling og produksjon, med grunnlag i lokal råvare
- Nytte lokal kunnskap i forvalting av lokale vilt- og naturressursar